



Kommunane i Rogaland

Kontakt saksbehandlar

Anne-Britt Halonen, 51 56 89 04

## Skjønstilskot til innovasjon og fornying 2019

### 1. Innovasjons- og fornyingsprosjekt

Det skal tildelast skjønsmidlar til gjennomføring av innovasjons- og fornyingsprosjekt i kommunane etter søknad. Dette har nå vore praksis i en god del år. Det nye dei seinare åra er sterkare vekt på innovasjon og at ramma er auka. I fjor blei det tildelt 5,85 mill. kr til slike prosjekt.

Etter tildeling av ordinære skjønsmidlar og skjønstilskot til språkdelling står det att 7,6 mill. kr som i hovudsak er tiltenkte innovasjons- og fornyingsprosjekt, men som også kan bli brukt til restskjøn, jf. nedanfor. Kor mykje av dette som vil gå til innovasjon og fornying er avhengig av at det kjem inn mange nok gode søknader. Det vil også i år bli lagt opp til ein brei prosess der KS lokalt vil bli trekt inn i vurderinga av søknadene. Bakgrunnen for innovasjonssatsinga er ikkje minst at den demografiske utviklinga, særleg veksten i talet på eldre, vil gi store utfordringar for mange kommunar. Det er derfor viktig å finna nye løysingar.

Innovasjon er definert som prosessen med å utvikla nye idear og realisera dei slik at dei gir meirverdi for samfunnet. Kortversjonen er at det skal vera noko **nytt** for kommunen, det skal vera **nyttig** og det skal vera **nyttiggjort**.

Innovasjon kan vera kjend eller ny kunnskap kombinert på ein ny måte eller brukt i ein ny samanheng. For kommunane vil dette innebera at det kan vera innovasjon å kopiera gode løysingar frå andre kommunar eller i andre land – men at ein tek det i bruk på sin eigen måte i sin kommune. Dei kommunale oppgåvene femner over eit vidt spekter og dette gir høve til å finna løysingar på tvers av tradisjonelle fag- og sektorgrenser.

Vi viser elles til vedlagde utdrag frå retningslinjene for skjønstilldeling.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har gitt pålegg om at minst 5 % av den samla skjønnsramma skal haldast tilbake til hausten 2019, det vil si 3,38 mill. kr. Det vil derfor bli fordelt 4,22 mill. kr til innovasjonsprosjekt i første omgang. Det er meininga at resten på 3,38 mill. kr i det vesentlege skal gå til innovasjon, men fordelinga vil då skje i oktober.

KS og Sola kommune med fleire inviterer kommunane i fylket til Innovasjonskonferansen 2019, torsdag 25. april. Påmelding via nettsidene til KS og Fylkesmannen.



## 2. Andre tilhøve

Generelt skal skjønstilldelinga (hovudprogramma) ivareta spesielle lokale forhold, som kommunane ikkje kan påverka sjølv og som ikkje blir ivaretatt godt nok i inntektssystemet og gjennom andre faste tilskotsordningar. Dette kan vera tilhøve som er uføresette, mellombels eller meir langvarige. Ramma som nå er att på 7,6 mill. kr skal i utgangspunktet gå til innovasjons- og fornyingsprosjekt som nemnt ovanfor, men i særlege tilfelle kan også andre utgiftsbehov trekkjast inn.

## 3. Korleis en søker om skjønsmidlar

Søknadsportalen skal brukast også i år. Det er viktig at det kjem klart fram kva som er målet, korleis gjennomføringa skal skje, framdriftsplan, kontaktperson, kostnader og finansiering.

Søknadsfristen er **2. mai**.

For prosjekt som har fått støtte tidlegare, må ein gjera greie for framdrift og kva ein har oppnådd så langt. Prosjekt som er tildelt midlar gjennom den elektroniske søknadsportalen rapporterast via søknadsportalen innan 1. juni. For prosjekt som ikkje ligg inne i søknadsportalen, må ein rapportera gjennom vanleg post eller e-post om kva som er oppnådd.

## Elektronisk søknadsprosedyre

Søk om rolle

Gå til <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Søkar i kommunar må nytta Idporten og må legge inn

- Førenamn
- Etternamn
- E-postadresse
- Telefonnummer
- Rolle: Søker
- Kommune (obligatorisk)

Førespurnad blir då sendt til saksbehandlar hos Fylkesmannen. Ta kontakt dersom det oppstår problem.

Med helsing

Lone Merethe Solheim  
avdelingsdirektør

Anne-Britt Halonen  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*